



Alver kommune v/Plan og byggesak
Hanne Marie Evensen
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8836 - 21/69595

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
20.10.2021

Svar på søknad til uttale - gbnr 322/218 Mjåtveit

Tiltak: Oppføring av nybygg / verksted
Byggjestad: Gbnr: 322/21 8
Tiltakshavar: Åsane Mek Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS

Informasjon om saka:

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Detaljregulering for næringsområde Mjåtveit-Dalstø, planid: 1 256201 20001 er definert som næring/industri/lager (N/IND/L01). Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 50 % BYA. Område har tilkomst frå f_KV02 og f_KV03 og det tillatast avkøyrsla over f_FT05. Avkøyrsla skal utformast i høve til gjeldande handbøker frå Statens vegvesen. Geometrien skal utformast med stor lastebil som minste dimensjonerande køyretøy, jf. føresegn § 3.3 nr. 8.

Det er planlagt tilkomst via f_KV04. For transport av større utstyr til/frå bygget er det lagt til grunn ei sporingskurve for semitrailer. Tilkøyring til og frå eigedom vil primært være innanfor normal arbeidstid på dagtid. Støy og forureining er vurdert som mindre sjenerande og avbøtande tiltak er pr. tid ikkje vurdert som nødvendig. Det vert sett ned oljeutskiljar for å ivareta evt. oljehaldige utslepp.

Uttale:

Det er i søknad opplyst om at avkøyrsla skal etablerast med ei sporingskurve for semitrailer slik at ein kan ha transport av større utstyr til og frå bygget.

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har ingen merknader til avkøyrsla sin plassering, eller avkøyrsla sin sporingskurve. Avkøyrsla skal utformast i høve til Statens vegvesen sine vegnormalar med tilhøyrande regelverk. Dersom siktlinjer i avkøyrsla ikkje er omtalt i planen vert siktlinjer, ihht til vegnormalane, derfinert av fartsgrense samt primærvegen sin ÅDT.

Når det gjeld oljeutskiljar gjer vi merksam på at det må søkast om løyve til å knytte anlegg på offentleg avløpsnett.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG